



Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref.
14/2341-5/K2 - N41/EAAR

Dykkar ref.

Dato:
23.09.2014

Innspel til høyring - Anbod på regionale ruteflygingar i Sør-Norge frå 1. april 2016

Flora kommune viser til høyring i samband med at Samferdsledepartementet har starta arbeidet med å gjennomføre nytt anbod på regionale ruteflygingar i Sør-Noreg gjeldande frå 1. april 2016.

Samferdsleutvalet er gjennom kommunen sitt møte og deligeringsreglement gitt mynde til å gjette uttale i "flyplass" saker. I møte den 18. september jf. sak 011/14gjorde samferdsleutvalet slikt vedtak:

"Vedtak:

Samferdsleutvalet i Flora kommune syner til samrøystes vedtak i Flora Bystyre 12.12.2013 i kommuneplanen sin samfunnsdel, der Bystyret har vedteke følgjande mål for Florø Lufthamn: "Florø Lufthamn skal være ei regional lufthamn med kommersielle direkte ruter til/frå utvalde destinasjonar aust, nord og sør".

Samferdsleutvalet ser det som ein stor utviklingsmulighet for lufthamna å leggje til rette for kommersielle ruteflygingar på ruter som idag er FOT-ruter, og dette vil kunne føre til eit betre tilbod for flypassasjerane både med tanke på destinasjonar, frekvensar og ikkje minst pris.

Samferdsleutvalet er likevel bekymra for usikkerheten knytt til tilbodet om rutene skulle verte kommersialisert. TØI-rapport 1331/2014 synnleggjer at kommersialisering kan føre til eit svekka tilbod mtp frekvensar, sjølv om det vert påpeika stor usikkerhet til dette. Petroleumsnæringa og anna næringsliv i regionen er avhengig av eit stabilt flyrutetilbod som sikrar minst dagens frekvensar og prisar, og TØI-rapporten skaper ein viss usikkerhet til dette.

Flora kommune er i utgangspunktet positive til kommersialisering, men ber om at dette vert innført som ei prøveordning, der samferdsledepartementet, i dialog med Flora kommune, når som helst i anbodsperioden likevel kan velge å lyse ut rutene mellom Florø og Bergen/Oslo som FOT-ruter, om kommersialisering skulle syne seg å få negative konsekvensar for tilbodet og passasjerane.

Om departementet ikkje ynskjer ei slik prøveordning, og rutene framleis skal halde fram som FOT ruter, har Flora kommune følgjande krav til anbodet:

- Framleis krav om ruteføring, som sikrar direktefly til/frå Florø*
- Redusksjon av maksimaltakstane for å bidra til at privatpersoner i større grad kan nytte seg av flytilbodet enn idag.*

- *Strengare krav til at operatørene må tilpasse tilbudet etter lokale forhold som anna kommunikasjon og kollektivtilbod.*
- *Ellers minimum samme krav som dagens anbod mtp rutetider, flystørrelse og setekapasitet."*

Ta kontakt dersom spørsmål til høringsinnspelet.

Med helsing

Einar Atle Årdalsbakke
rådgjevar samferdsle

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur

Vedlegg:

Tittel	Dato
Høyringsssvar - Anbud på regionale ruteflygingar i Sør-Norge frå 1. april 2016 (L)(354986)	23.09.2014
14067101 (L)(351635)	23.09.2014